

Musikklaget, - godt i gang att!

02.09.2015



Musikklaget er i gang att etter ferien.

Dei siste sesongane har første tirsdag i september vore sesonstart for gjengen i musikklaget. Dermed var det klart for øving i går kveld, og sjølv om korpset ikkje var heilt fulltallige, let det lovande etter feriepausen. Dei håpar også at nokre nye sluttar seg til den stødige gjengen som kosar seg svært så godt med musikken.

- Det var kjekt å koma i gang, og det let jammen ikkje så verst, var omgangstonen etter første øvinga. Stemninga var som alltid god. Siste åra har bandet hatt om lag 12 medlemmer, og etter fleire sesongar utan fast slagverkar, var dei sist sesong svært glade for at rutinerte og dyktige Kjell Borge Olsen sluttar seg til bandet for å styra rytmeseksjonen.

Sjølv om laget har ein svært så stødig besetning, ønskjer dei sterkt fleire medlemmer. For tida er det eit par tidlegare musikarar som har fått utdelt instrument, og ein håpar at dei snart er på plass stolane! Dei som er interesserte i å vera med, kan berre ta kontakt med ein i korpset, eller møta på øving. Øvingane er tirsdagar frå kl.20 til 21.30 i skulen. Det musikalske nivået er behageleg, og det gjer ingen ting om ein har hatt pause frå instrumentet ein del år. Det sosiale fellesskapet er svært godt!

Bandet har kvart år ein del speleoppdrag, og det første denne sesongen vert på Haustfesten i Helgheim 17.oktober. Der er dei spurde om å spela lett og underhaldande musikk. Det passar bandet godt!

Musikklaget ser fram mot ein ny, kjekk sesong, og dei håpar at det dukkar opp fleire på øvingane!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hilde Bringedal